

Samandrag av innspel frå høyringsinstansane

Pr. 13.09 og 24.09. Oppdatert 29.10. s. 5

Nærare Kyrkjemøtet kjem eit vedlegg (KM 7.1.5) som oppsummerer innspel til Kyrkjerådet omkring og etter handsaminga i Kyrkjerådet 13.-14. september.

Innleiing

Etter Kyrkjerådsmøtet 7.–8. juni sende sekretariatet for Kyrkjerådet ut saksdokumentet i sak KR 23/07 til bispedømmeråda, KA, dei tre teologiske fakulteta, Det praktisk-teologiske seminar, Åpen Kirkegruppe og Til Helhet og bad om innspel til dokumentet.

Pr. dags dato er det etter oppmoding frå Kyrkjerådet kome innspel frå desse instansane:

- Borg bispedømmeråd
- Tunsberg bispedømmeråd
- Agder og Telemark bispedømmeråd
- Stavanger bispedømmeråd
- Møre bispedømmeråd
- Sør-Hålogaland bispedømmeråd AU
- Misjonshøgskolen
- Det teologiske Menighetsfakultet
- KA Kyrkjeleg arbeidsgivar- og interesseorganisasjon
- Åpen Kirkegruppe
- Til Helhet
- Musikernes fellesorganisasjon

I tillegg har Stovner kyrkjelyd sendt eit innspel. I samband med behandlinga i Kyrkjerådet i juni vart det levert ei instendig oppmoding frå knapt 350 prestar i Den norske kyrkja om å ikkje endre kyrkjemøtevedtak frå 1995/97. Ungdommens kyrkjemøte gjorde i juni vedtak i saka "Å leve med usemje i lærespørsmål" (sak UKM 08/07). Heile dette vedtaket ligg ved saka. Norsk Lærarakademi sende i fjor haust ei fråsegn direkte til Kyrkjerådet. Ho er relevant for saka. Tunsberg bispedømmeråd la ved ei særfråsegn om arbeidsrettsspørsmål frå bispedømeleiaren, Hans-Petter Jahre. Nidaros bispedømmeråd melde at det ikkje rakk å kome med si meining. Innspel frå enkeltpersonar er ikkje reflekterte i dette dokumentet.

Arbeidsmetode

Nokre, men langt frå alle innspel held seg til saksdokumentet i sak KR 23/07 og oppbygginga av denne saka. Av omsyn til dei enkelte innspela gir vi att hovudsynspunkta i kvart innspel samla. Inndelinga har overskriftene Generelt til saka, Generelt til saksdokumentet, Spesielle innspel.

Borg bispedømmeråd

Generelt til saksdokumentet

- Det gir ei brei og god innføring i behandlinga av homofilisaka i ulike organ.
- I all hovudsak eit godt grunnlag for behandling fram mot kyrkjemøtet i haust.

Generelt til saka

- Kyrkja lever med fleire ulike syn – det må KM ta omsyn til.
- Uklart kva konsekvensar meiningspluralisme på dette feltet får for det som gjeld ordningane.
- Kyrkjemøtet må ta omsyn til at det ikkje er arbeidsgivar og ikkje har ansvar for ordinasjon/vigsling. Men KM har ansvar for liturgiske ordningar. I denne saka vil dette vere primærområdet som KM skal arbeide med.

Spesielle innspel

- Å vidareføre alternativ a) er med på å sementere inntrykket av at kyrkja har eitt off. syn, noko som gjer dei andre syna marginale og irregulære.
- Tilsvarende argumentasjon gjeld for alternativ b).
- I innhald er alternativ c) eit adekvat uttrykk for den situasjonen vi har i dag. KM kan ikkje gå lenger enn til å seie at det er gode grunnar for eit både – og.
- Synet til kyrkja vil vise seg gjennom den tilsetjingspraksisen ein etablerer.
- Ved ei slik fruktbar tilnærming vil samtalen og meiningsbrytinga få næring.

Tunsberg bispedømmeråd / Hans-Petter Jahre

Generelt til saksdokumentet

- Viktig i denne omgangen at spørsmål om liturgi eller ev. forbøn for homofile partnerskap ikkje er ein del av saksdokumentet.

Generelt til saka

- Dei teologiske spørsmåla er hovudsaka, men det er mange arbeidsrettsspørsmål ein må ta omsyn til.
- Etterlyser at saka blir sett inn i eit større samlivsetisk perspektiv. Bør utgreiast grundigare i eit eige organ.
- Bispedømmerådet meiner å måtte erkjenne at det er ulike syn i denne saka – då må ein leggje til rette for best mogeleg kommunikasjon.

Spesielle innspel

- Alternativa er dels kommenterte alternativ, dels eit slags vedtaksforslag – blir omarbeidde.
- Endå tydelegare og klarare premissar for korleis kyrkja skal stille seg til to ulike syn og få teneste og samspel til å fungere i gjensidig respekt og forståing – behov for køyrereglar?
- Alternativ c) må utgreiast meir utfyllande: Kva for ordningar kan ein etablere, korleis ta omsyn til den enkelte kyrkjelyden, til enkeltpersonar, til den statusen tenestebrevet har.

- I eit vedlegg reiser Hans- Petter Jahre spørsmålet om aml. gir høve til å diskriminere på grunnlag av ein livsførsel som halvparten av LN, eit fleirtal av biskopane og ein stor del av medlemmene i KM meiner let seg sameine med kristen etikk. Han meiner uttrykket ”virksomhet” i § 13–3 i aml. utan tvil går på Dnk som trussamfunn, og ikkje på det enkelte soknerådet. (Sjå eiga utgreiing av det arbeidsrettslege frå Arntzen de Besche.)

Agder og Telemark bispedømmeråd

Generelt til saksdokumentet

- Hovudsakleg eit godt grunnlag for vidare behandling fram mot KM.

Generelt til saka

- Gir uttrykk for eit fleirtalssynspunkt i rådet.
- Deler viljen og ønsket om å finne samlande vedtak så langt det er mogeleg. Står inne for sakshandsamingspremissane i dokumentet (kap. 3.4).
- Understreka det særlege ansvaret som KM har for einskapen i kyrkja når det gjeld kyrkjerett og lære.
- Stiller spørsmål ved om det ligg føre ei god nok utgreiing – sidan LN sjølv har avgrensa mandatet sitt, sidan det er reist krav om meir utgreiing, sidan KM bør få ei best mogeleg teologisk utgreiing av heile saksfeltet, sidan det er uheldig å få ein debatt på KM om saka er godt nok utgreidd.
- Sluttar seg til fleirtalet i lærarrådet ved MF (sjå annan stad i samanfatninga).
- Går inn for å halde på retningslinjevedtaket frå KM 97.
- Kyrkja kan offisielt ikkje ha to likestilte syn som grunnlag for forvaltningspraksisen sin.

Spesielle innspel

- Alternativ a) får ein dekkjande argumentasjon i den noverande kortforma av dokumentet. Kravet til bevis er størst hos dei som vil endre. Saka er ikkje kyrkjesplittande, men kan få kyrkjesplittande praktiske følgjer.
- For svakt om den uroa som kan oppstå.
- Forstår den grunngevinga for alternativ c) som gjeld forvaltninga, men ho er neppe fullgod. Lite utgreidd og grunnmitt. Seie noko meir teologisk om c)?
- Ikkje farande veg å la vere å ta stilling til det teologiske grunnlaget og gjere eit vedtak som blir redusert til ei deskriptiv beskriving av at det er to syn i kyrkja.
- Ei vidare utgreiing bør ha med ein brei gjennomgang av samtidssituasjonen og erfaring.
- Ein bør seie noko meir om endringar i eit langsiktig perspektiv – sidan det blir lagt så pass stor vekt på endringsperspektivet i dokumentet.
- Konsekvensanalysane for alternativa bør vere så tydelege som råd er.

Stavanger bispedømmeråd

Generelt til saksdokumentet

- Saksutgreiinga inviterer på ein mønsterverdig måte til ein respektfull debatt rundt ei utfordrande sak.

Generelt til saka

- Gir uttrykk for fleirtalssynet.
- Ikkje teologiske grunnar for å endre den praksisen KM har vedteke om vigsling og tilsetjing.
- Ei endring kan ha kyrkjesplittande karakter.
- Ei endring kan verke inn på tilhøvet til samarbeidskyrkjer. Ein del vil neppe kunne ha formalisert tilhøve til Den norske kyrkja. Dette økumeniske argumentet må vege tungt.
- Vanskeleg å ha ti formaliserte motstridande syn for Dnk i ei så prinsipielt viktig sak.

Spesielle innspel

- Argumenterer for alternativ a).

Møre bispedømmeråd

Generelt til saksdokumentet

- Saksframlegget til Kyrkjerådet er godt.

Generelt til saka

- Ikkje eintydig fråsegn frå Møre – men legg fram ulike argument.
- Ein må leggje vekt på dei standpunkta kyrkja sjølv har, ikkje bli pressa av politiske.
- Ikkje heldig at representantar for leiinga går ut og handlar mot demokratisk fatta vedtak.
- Konsekvensane for kyrkja og det norske samfunnet er ikkje vurderte. Kva med ”den opne folkekyrkja”? Rett å ta seg betre tid.
- Same kva vedtak ein får, vil det vere vanskeleg for folk på begge sider å halde fram i kyrkja.
- Er redd for utarming av kyrkja.
- Vore best med like reglar og lik praksis i alle bispedømma når det gjeld tilsetjing. Men open for at det kan bli ulik praksis dersom alle skal ha rett til å handle i samsvar med samvitet sitt.

Spesielle innspel

- Skilnad på å endre vedtaket om tilsetjing og å føre inn ein ny liturgi for vigsel av homofile partnarar. Liturgivedtak må sjåast som ei læresak.

Sør-Hålogaland bispedømmeråd

Fråsegna er frå AU i bispedømmerådet.

Generelt til saksdokumentet

- Imponert over breidda og nyanserikdommen i framstillinga.

Generelt til saka

- Deler oppfatninga av at Dnk står overfor tre hovudalternativ.

Spesielle innspel

- KR bør gi klarare føringar for kva alternativ ein bør velje, dvs. alternativ c).
- Ønskjer seg fleire perspektiv på einskapen i kyrkja ut frå dei to LN-fråsegnene, noko som kan styrkje interessa for einskapen i kyrkja og vere med på å utvikle gjensidig respekt.
- Manglar i framstillinga under temaet ”ulik praksis”: Situasjonen når ein vigsla homofil som lever i einsleg stand, vil inngå partnerskap. Kva då med ev. oppseiing? Vil neppe føre fram rettsleg.
- Greitt å vere varsam i spørsmålet om liturgiske ordningar for inngåing av partnerskap. Klokt å vente på diskusjonen om dette.

Misjonshøgskolen

Generelt til saka

- Saka er ei stor belastning i kyrkja, derfor ønskjeleg at ho var så gjennomarbeidd at ein kunne få eit vedtak, så ein gjorde seg ferdig med henne.
- Viser til behandlinga i lærarrådet i 1997 og fråsegna frå den gongen.
- Hovudsynspunktet den gongen som i dag: ”En hevder derfor at om en må fastholde at homofilt samliv ikke lar seg forene med bibelsk norm for lære og liv ... må dette få avgjørende konsekvenser for kirkens lære og veiledning.”

Spesielle innspel

- Burde ha nemnt bispemøtevedtaket frå 1995.
- Burde vore sagt noko meir om utgreiinga *Kirkens enhet og troens fundament*. I denne utgreiinga hevdar dei tre biskopane samla at ”å sidestille heterofilt ekteskap med homofilt samliv er i strid med grunnleggende etiske prinsipper i Bibelen og må anses som kirkesplittende vranglære” (s. 83).
- Ingen merknader til presentasjonen av fråsegnene frå Lærenemnda.
- Ei realitetsbehandling i KM bør ta omsyn til andre argument enn berre skriftforståinga. Derfor er ikkje saka godt nok utgreidd.
- Presentasjonen av Dnk og tilhøvet til andre kyrkjer (3.5) er ikkje dekkjande. Det er lagt påfallande lite vekt på den djupe splittinga i andre kyrkjer.
- Fleire organisasjonar må nemnast – òg frustrasjonen på kyrkjelydsplan.
- Heller ikkje dekkjande for det som representative organ har sagt, at usemje i homofilisaka ”ikke nødvendigvis trenger å føre til splittelse i kirken” (3.4).
- Går inn for alternativ a), men grunn til å sjå nøyare på alternativ c). Inneber det ei ansvarsfråskriving frå KLM? Det er få klare føringar om korleis ein skal gjennomføre det i praksis? Vedtaket vil føre til sterkt søkjelys på homofilisynet til kandidatane.
- Når det gjeld tilsetjing, er det viktig med ei grundig og kompetent juridisk tenking. Prinsippet om religionsfridom gjeld neppe uavgrensa når det ikkje er ei einskapleg oppfatning av læra.

- Prestar vil kunne fornye handlemåten til Dingstad og bryte det åndelege fellesskapet med biskopen sin og gjere krav på alternativt tilsyn. Argumentasjonen i LN i 2001 føreset at kyrkja ikkje endrar på homofilisynet.
- Viktig å vere ærleg, tydeleg og villig til å ta kvarandre på alvor.

Det teologiske Menighetsfakultet

Generelt til saka

- Vil tilrå at saka blir utsett – behov for ei breiare utgreiing der ein tek sterkare omsyn både til etikk og kyrkjeordning.
- Saka er ikkje godt nok utgreidd. Blant anna har ikkje LN gått inn på det breie erfaringsfeltet som er relevant for å vurdere homofilt samliv som etisk problem i dag. Derfor blir det ikkje godt nok grunnlagt kvifor halvparten av LN kan forsvare og den andre halvparten avvise homofilt samliv.
- SUM: Fråsegna til LN gir ikkje godt nok fagleg grunnlag til å ta stilling til spørsmålet om homofilt samliv som etisk problem i dag. Argumentasjonen mot homofilt samliv er betre grunnlagt bibelsk enn hos motparten, men ikkje godt nok med omsyn til aktuell erfaring eller allmenntiske vurderingar.
- Viser til fleirtalsfråsegna frå lærarrådet frå 07.05.07: *To velbegrunnede standpunkt? En vurdering av uttalelsen fra lærenemnda om homofilisaken.*

Norsk Lærarakademi

Generelt til saka

- ”Når det konstateres at de to synene i homofilisørsmålet ikke kan sidestilles som læremessig/teologisk likeverdige, må den eneste logiske praktisk-kirkelige konsekvens være at bare ett av dem kan være Den norske kirkes offisielle syn og dermed retningsgivende for kirkens liturgier og ordninger.” (Høgskulerådet)
- Med endring av vedtaket i KM frå 95/97 er kyrkjesplittinga openberr og fullført = at gudstenestefellesskapet sprekk. Den organisatoriske og åndelege einskapen er broten.
- Fråsegna frå LN seier vidare at det ikkje ligg føre det som den lutherske vedkjenninga vår kallar ”sann einskap i kyrkja”, fordi ein ikkje er samd om ”evangelielæra” (forkynninga av lov og evangelium). Når ni av ti ikkje trekkjer den konsekvensen at homofilisørsmålet splittar kyrkja, er det ein inkonsekvens.

KA Kyrkjeleg arbeidsgivar- og interesseorganisasjon

Generelt til saka

- Kyrkerådet bør leggje til rette for drøfting av saka med grunnlag i desse vurderingane: Den delte fråsegna frå LN uttrykkjer den faktiske situasjonen i kyrkja. Rettleiinga frå KM i 1995/97 er derfor ikkje lenger god nok.
- Hovudlinjer for vedtaket: Fråsegna frå LN blir teken på alvor = kyrkjelege tilsetjingsorgan er heretter frie til å gjere tilsetjingsvedtak i samsvar med eigne teologiske synspunkt. KM bør ikkje problematisere fråsegna frå LN.

- KR bør tilrå at KM – om mogeleg – gir utfyllande rettleiing til dei kyrkjelege organa som avgjer forvaltningsvedtak på dette området (biskopar og tilsetjingsorgan). Ikkje med karakter av ein slags rett til å setje opp retningslinjer, men som gode tilrådingar. Til dømes avveging mellom personalpolitiske omsyn og omsynet til kva kyrkjelyden ønskjer, omsynet til homofil / lesbisk tilsett og omsynet til andre tilsette som har teologiske motførestillingar mot homofilt samliv.

Spesielle innspel

- Sokneråd/fellesråd er sjølvstendige verksemder arbeidsrettsleg etter arbeidsmiljølova. Meir uavklart for bdr. og KR, som opptre med delegert styringsrett frå same arbeidsgivaren (staten). Men KA meiner desse kan gjere seg bruk av § 13–3 i aml.
- Dersom ein ønskjer å leggje vekt på samlivsform ved tilsetjing – blir dette avklara på førehand av arbeidsgivarorganet før utlysinga.
- Ein ventar at alle som blir tilsette, blir behandla som rite vocatus til tenesta si. Ikkje behov for offentlege køyrereglar.
- Ved usemje mellom biskop og organ, vil den vurderinga biskopen gjer av kor vidt vilkåra for ordinasjon/vigsling er til stades, vere avgjerande for tilsetjingsorganet og. Tilsetjingsorganet står under tilsyn av biskopen på staden, som bør rettleie tilsetjingsorganet i vurderinga av spørsmål som gjeld læra.
- Biskopen kan velje å halde tilbake tenestebrev, men det gjer ikkje ei ev. tilsetjing ugyldig.
- Ei rettleiing bør rette seg mot homofile og lesbiske partnarar som vil gjere teneste i Dnk = viktig å gi ryddige og føreseielege signal.
- KR bør rettleie i bruken av § 13–3 nr. 2 i aml. (unntaksregelen).
- SUM: Ikkje ta inn reglar om dette i tenesteordningar for vigsla stillingar. Tenestebrevet bør ikkje få ein klarare arbeidsrettsleg status. KA meiner ein rett tilsett person bør ha rett på tenestebrev. Dnk er pliktig til å følgje fastsett regelverk i tilsetjingssaker. Derfor kan ein ikkje fjerne ein søknad frå ein bunke søknader. Viktig med klar utlysingstekst. Ingen grunn til å kommentere ev. yrkesetiske retningslinjer i saksdokumentet, men ev. nokre ”køyrereglar” knytte til gudstenester og kyrkjelege handlingar.

Musikernes Fellesorganisasjon (mfo)

Generelt til saka

- LN har kome til at det ikkje kan sjåast burt frå at saka kan røre ved ”enheten i evangeliets lære”. Difor bør saken handsamas på nytt i KM.
- KM bør fatte vedtak som gjer at homofile som lever i partnarsskap kan ha stillingar som krev vigsel

Spesielle innspel

- Problem å forstå at uttrykket ”formålet med virksomheten” i aml § 13 – 3 berre skal gjelde ikkje – vigsla medarbeidarar i Dnk. NB. Vigsla og ikkje – vigsla organistar løyser dei same oppgåvene.
- ”Virksomheten” er samanfallande med arbeidsgivarområdet, til dømes eit bispedømme eller eit kyrkjeleg fellesråd

- Uttrykket ”stillingens karakter” same staden peikar mot den einskilde stillingen, jamfør spissing i utlysingstekstar og er neppe eit felles uttrykk for alle stillingar inne same profesjon
- Uttrykket ”særlige krav” same staden kan neppe nyttast mot seksuell identitet og samlivsform åleine.
- Å stengje homofile arbeidssøkande ute frå kyrkjelege stillingar kan gi alvorlege fylgjer for kyrkjeleg rekruttering.

Åpen Kirkegruppe for Lesbiske og Homofile

Generelt til saka

- Ønskjer at det blir opna for å tilsetje lesbiske og homofile på alle nivå i kyrkja.
- Viser til UKM og deira fråsegn om at dersom vedtaket frå 97 blir ståande, vil det øydeleggje den diskusjonen og samtalen som har vore dei siste ti åra.
- Ei vidareføring av 97-vedtaket vil undergrave den posisjonen og funksjonen KM har.
- Dersom 97-vedtaket blir ståande, sender kyrkja nok ein gong eit signal til lesbiske og homofile om at kyrkja ikkje gir dei høve til å leve heile livet innanfor rammene til kyrkja. Dette finn ein uverdige. Nokre vil forlate kyrkja. Og eit slikt vedtak vil ramme prestar og andre tilsette i kyrkja.
- Kyrkja har allereie no ein praksis som ikkje er eintydig.
- SUM: Uansvarleg av KR i det heile å føreslå eit alternativ som går ut på å la 97-vedtaket bli ståande. Open Kyrkjegruppe meiner ”at det er viktig at lesbiske og homofile i partnerskap skal bli vurdert på lik linje med andre søkere for ansettelsar på alle plan i Dnk. Lesbisk og homofilt samliv skal ikke lenger være en legitim diskrimineringsgrunn i Dnk. Åpen Kirkegruppe ser det som en naturlig følge av det overnevnte at det utarbeides en liturgi for velsignelse av inngått partnerskap”.

Spesielle innspel

- Ønskjer eit alternativ der det kjem klart fram at Dnk seier eit eintydig ja til homofilt samliv (alternativ d)).
- Ein ønskjer ein prosess med utarbeiding av liturgi for velsigning av likekjønna par.

Til Helhet

Generelt til saksdokumentet

- Dokumentet handsamar saka på ein sakleg og grundig måte.
- Utgreiinga *Kirkens enhet og troens fundament* frå 1997 får ikkje nok merksemd (sluttar seg her til argumentasjonen frå Misjonshøgskolen).

Generelt til saka

- Fråsegnene frå LN er ikkje gode nok som grunnlag for KM - behandling fordi erfaringsaspektet ikkje er utgreidd.
- Samla er det ikkje lagt fram nokon overtydande og samlande argumentasjon for å endre ordningane i kyrkja i denne saka. Derfor bør 97-vedtaket bli ståande.

Spesielle innspel

- Manglande utgreiing er konkretisert til spørsmål som kor relevant kravet om livslang truskap er overfor homofile parforhold, forståing av korleis homofil identitet blir til i høve til ønsket om å oppmuntre eller ikkje til ei slik utvikling, og kva den kyrkjelege debatten og vedtaket har å seie for dette spørsmålet. Dette blir teke opp ut frå den kontakten Til Helhet har med menneske som strevar med seksualiteten sin. Kva med feilbruken av statistiske data?
- Nødvendig med grundigare arbeid med spørsmålet om prinsipielle konsekvensar av ei eventuell erfaringsbasert endring av bibelsk grunnsett praksis. Kva haldning bør kyrkja ha til kulturelle endringsprosessar?
- Misvisande å vise til ein debatt om endring av ordningane i kyrkja på dei premissane som dokumentet bruker i 3.4
- Synet til organisasjonane må betre fram. Til Helhet dokumenterte i 2003 kva konsekvensar ei endring av vedtaket frå 97 kan få, sjå Luthersk Kirketidende 2005 s. 135–138.
- Mange protestantiske kyrkjer oppfattar seksuelle handlingar som synd – ei endring av 97-vedtaket vil derfor få store økumeniske konsekvensar.
- Dei kyrkjesplittande konsekvensane av denne saka både innerter i Dnk og økumenisk kjem ikkje godt nok fram.
- Dokumentet bagatelliserer synet til den katolske kyrkja og dei ortodokse kyrkjene.
- Tilsetjing: Vedtak må utformast slik at ein ikkje kan så tvil om retten til å tilsetje på grunn av samlivsform med å vise til at dette ikkje lenger er allmenn oppfatning i Dnk.
- Veldokumentert mangel på respekt for KM - vedtak blant dei som ønskjer å endre synet til kyrkja, kan likevel tale for å vurdere alternativ c), men dette er mangelfullt utgreidd.
- Krav om endring av kyrkjelege ordningar som med god grunn kan seiast å røre ved vesentlege lærespørsmål, må ein gjere samla og på ein måte som sikrar den kyrkjelege einskapen.
- Alternativ b) er uhaldbart – vil innebere ei kraftig skjerping av ei splitting som allereie merkast, og leggje ei ekstra bør på menneske som strevar med sin seksuelle identitet, utan at dei sluttar seg til organisasjonane til dei homofile. Mange av desse har sett kyrkjelege miljø som ein fristad.
- Sakleg sett er derfor alternativ a) det mest velgrunna – men det er lite truleg at det verkar samlande. Derfor må Kyrkjemøtet ta standpunkt til kor vidt ein skal ta omsyn til ei utøving av bispeembetet som set samvitte hos den enkelte biskopen over plikta til å arbeide for einskap i kyrkja.
- Fordelen med alternativ c) er at det vil samle KM på ein heilt annan måte enn dei andre. Ulempa er at det skriv frå seg ansvaret for å gi Dnk einskaplege ordningar baserte på ei einskapleg læreovertyding. SUM: Ein avviklar Dnk som ei kyrkje som har einskap i læra, og innfører i staden ei form for administrert kyrkjesplitting. KM abdiserer som læreorgan – ein svært høg pris å betale.
- Alternativ c) inviterer til eit kyrkjeleg landskap ingen har vore i før. Det kan tenkjast at det er rett at dette alternativet vil ta betre vare på det tradisjonelle synet enn alternativ b), og at det ikkje lenger har noko føre seg å skjule at Dnk er splitta i lærespørsmål. Men nye spørsmål kjem til å dukke opp: Kva med konsekvensane for liturgien og bruken av argumentasjon til LN i skriftforståinga i andre tilsvarande teologiske stridsspørsmål.
- Kvar hamnar læreansvaret dersom KM skriv frå seg dette i slike saker? Kor sterkt vil biskopane køyre på samvitte sitt – overfor dei som ikkje deler synet deira?

Yrkesforbud kan bli resultatet. Kan avgjerdsretten (og dermed læreansvaret) skyvast nedover mot det enkelte soknerådet?

- Kapitlet om ordinasjon bør reise spørsmålet om alternativt tilsyn (sjå MHS).
- Sluttar seg til argumentasjonen i kapitlet om liturgiar.

Brev frå prestar i Den norske kyrkja

Det er levert tilnærma likelydande skriv frå knapt 350 prestar og teologar i Den norske kyrkja.

Brevet blir referert her:

”HENSTILLING TIL KIRKERÅDET

På møtet i juni 2007 vil Kirkerådet behandle Lærenemndas uttalelse ”Skriftforståelse og skriftbruk med særleg henblikk på homofilisaken”. På dette møtet vil det legges føringer på hvordan ”homofilisaken” skal legges frem på Kirkemøtet 2007.09.05

Lærenemnda har ikke gitt nye og gode teologiske argumenter for å anerkjenne homofilt samliv. Vi ber om at det ikke legges opp til å åpne for liturgiske ordninger for inngåelse og velsignelse av partnerskap.

Vi ber også om at Kirkerådet ikke legger opp til et vedtak på Kirkemøtet som åpner for å vigsle, tilsette og bruke samlevende homofile i vigslende stillinger i kirken.

Arbeidssituasjonen i Den norske kirke vil bli svært vanskelig i menighetene dersom Kirkens øverste organ vil vedta at det i vår kirke er to likeverdige syn på homofilt samliv.”

Stovner kyrkjelyd

Generelt til saka

- Dersom KM opnar for kyrkjeleg velsigning av homofile partnerskap og for vigsling av homofilt samlevande i partnerskap, bryt ho med fundamentet sitt på viktige punkt.
- Dette er eit sakskompleks med omfattande konsekvensar for Dnk på ei rekkje område, ikkje minst økumenisk.